



Majo eigedom as
Boligpartner

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/449 - 14/19595

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
11.12.2014

Godkjenning - mindre fasadeendring og endra plassering, gbnr 22/156 på Mjåtveit.

Administrativt vedtak. Saknr: 365/2014

Saksutgreiing:

Meland kommune mottok 25.11.2014 søknad om endring av løyve etter pbl § 20-1, i samband med oppføring av nytt bustadhus på gbnr 22/156 på Mjåtveit. Søknaden gjeld endra plassering, utviding av terrasse i gavl mot sørvest og innsetting av eit vindauge i fasade mot søraust. Endra plassering inneber at bustaden vert flytta 1 m mot nordaust. Det er søkt om fritak frå nabovarsling for desse endringane.

Det er sendt inn revidert situasjonskart, motteke 17.10.2014, der også endra trace for VA er teikna inn.

Vurdering:

Både fasadeendringane og omsøkt endra plassering er av mindre vestenleg betydning i høve tidlegare godkjenning, jf sak DNT.249/13. Endring av tiltaket kjem ikkje i konflikt med 4 metersgrensa. Ansvarleg søkjar opplyser at endringa ikkje vil ha negativ innverknad på naboar i høve soltilhøve og utsikt. Administrasjonen ligg desse opplysningane til grunn og godkjenner fritak frå nabovarsling, jf pbl § 21-3.

Administrasjonen har ingen merknader til den omsøkte endringa.

Vedtak

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 og i samsvar med søknad motteke 26.11.2014 og revidert situasjonskart og teikningar motteke 17.10.2014, endra plassering av bustad, endra trace for VA, samt fasadeendringar på gbnr 22/156.

Det vert vist til revidert situasjonskart og teikningar motteke 17.10.2014.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så framt det ikkje er gjeve unntak.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Godkjente kart og teikningar 22-156

Kopi til:

Geir Olav Toft

Mottakere:

Majo eigedom as

Boligpartner